Porsgrunn
VIDEREGÅENDE SKOLE

Kor går grensa mellom retorikk og manipulasjon?

Korleis blir språklege verkemiddel brukt i politiske taler for å overtyde eller manipulere?



Navn: Celina Holm Ytredal

Klasse: 3STD

Fag: Norsk

Termin & år: Våren 2026

Innhald

Samandrag **3**

Føreord **3**

1. Innleiing **4**

1.1. Bakgrunn 4

1.2 Avgrensing, problemstilling og disposisjon 6

2. Teori **6**

2.1 Retorikk 6

2.2 Retorisk analyse 7

2.3 Kairos 7

2.4 Aptum 7

2.5 Appellformene 8

2.5.1 Etos 8

2.5.2 Logos 9

2.5.3 Patos 9

2.6 Språklege verkemiddel 9

3. Metode **11**

3.1. Fordelar og ulemper 12

3.2. Forskingsetikk 13

3.2.1. Slagside 13

3.2.2. Prinsippet om gode konsekvensar 14

3.2.3. Ærlegdom 14

3.2.4. Tilgjengeliggjering av resultata 14

3.2.5. Omsyn til skikk 14

3.2.6. Habilitet 15

3.2.7. Kvalitet 15

3.2.8. Kunstig intelligens 15

4. Analyse **16**

4.1. Analyse 1: *Mein Kampf* av Adolf Hitler 16

4.2. Patos 16

4.3. Logos 17

4.4. Etos 18

4.4.1. Innleiande etos 18

4.4.2. Avleia etos 18

4.4.3. Endeleg etos 19

4.5. Kairos 19
4.6. Aptum 19
4.7. Diskurs 20
4.8. Analyse 2: *Landsmøte 2025 Frp* av Sylvi Listhaug 20
4.9. Etos 20
4.9.1. Innleia etos 20
4.9.2. Avleia etos 21
4.9.3. Endeleg etos 21
4.10. Patos 21
4.11. Logos 23
4.12. Kairos 23
4.13. Aptum 23
4.14. Diskurs 24

5. Drøfting 24
5.1. Oppsummering 24
5.2. Subjektive resultat 24
5.3. Subjektive tolkingar 25
5.4. Vidare forsking 25

6. Konklusjon 26

Kjelder 26

Samandrag

Denne forskingsoppgåva analyserer korleis politikare brukar retorikk og språklege verkemiddel for å overtyde, eller manipulere. Oppgåva analyserer utdrag frå *Mein Kampf* (1925) skrivne av tidlegare politikar Adolf Hitler og Landsmøte Frp (2025) skrivne av ein dagsaktuell politikar; Sylvi Listhaug. Analysane har som formål å avdekke korleis dei språklege verkemidla fungerer og om retorikken er alminneleg eller manipulativ.

Ved å grave grundig i ein analyse av dei to utvalde tekstane, forsøk oppgåva å avdekke korleis retorikken brukast til å legitimere ideologiske perspektiva og overtyde publikum. Oppgåva skal gi lesaren ein meir heilskapleg forståing av funksjonen til den retoriske kunsten, slik at lesaren vil stille seg kritisk til politiske bodskap, som vil gi moglegheit til å fatte sjølvstendige politiske val. På denne måten, vil oppgåva bidra til politisk sjølvstendet og økt politisk deltaking.

Føreord

Eg vil gjerne takke vegleiaren min: Tina Gausnes, for at ho fyrst og fremst motiverte meg til å velje ei oppgåve eg i utgangspunktet følte var utfordrande. Eg vil og takke for nyttige tilbakemeldingar, inspirasjon og grundig rettleiing gjennom heile arbeidsprosessen. Både faglege, språklege og motiverande tilbakemeldingar har vore ein svært hjelpsam ressurs i arbeidet med oppgåva og ho har bidratt til å gjere dette prosjektet spennande og gjennomførleg.

Eg vil òg takke min familie som har bidratt med gode tilbakemeldingar og deltatt i reflekterande samtaler som har vore til stor hjelp under skriveprosessen.

Celina Holm Ytredal, Porsgrunn Vidaregåande skule, 10.03.2026.

1. Innleiing

Menneska har heilt sidan antikken brukt retorikk for å overtyde og rekruttere i ein politisk samanheng. Denne kommunikasjonsmåten har endra seg i takt med utviklinga i samfunnet (Svendsen, 2025). Retorikk omhandlar i følgje Store Norske Leksikon «[…] eit fag som går ut på å læra kunsten å uttrykke seg på ein overtydande måte» (Svendsen, 2025). Viss retorikken er ein form for kunst i å overtale andre menneske, betyr det at *korleis* du formidlar bodskapet spelar ein større rolle enn sjølve bodskapet?

Det er eit samfunnsproblem at politikarar som representerer eit politisk parti, og dermed står for bestemte saker, er meir opptatt av å overtyde innbyggarane enn å formidle kva politiske ståstader dei har i den samfunnsutviklinga vi står overfor. Dette fører til at folket som skal delegere makta til Stortinget, mistar eit privilegium til å velje det partiet som i størst grad representerer deira eigne verdiar. Nokon politikarar tar altså i bruk manipulasjon, og ikkje retorikk. At politiske parti prioriterer å vekse i omfang framfor ei ærleg formidling, er ein trussel mot demokratiet vårt.

I Stortingsvalet i 2025 har eg sett døme kor det norske folk opplever at politikarane ikkje gjennomfører dei valløfta som er tatt i bruk under valkampen og i retoriske talar (Falnes, Ismail, Saanum, & Stoksvik, 2025). Politisk retorikk burde handle om å forsterke formidlinga av dei bodskapa eit parti ønskjer å representere, og gjennomføre i praksis. Det skal ikkje omhandle å manipulere nokon til å tru at eit parti representerer noko dei ikkje kjem til å gjennomføre i praksis.

1.1. Bakgrunn

Retorikk er ein av dei eldste kommunikasjonsformene vi har. Naturlegvis har derfor retorikken blitt forska på svært mykje, både kunsten i å bruke retorikken, men òg faren ved retorikken. Viss retorikk er kunsten i å overtale, er ikkje det farleg då? Nokon forskarar meiner fleire bruker retorikken feil for å skaffe seg fordelar eller maktposisjonar i eit samfunn, i så stor grad at det kan minne om manipulasjon.

Ein student ved NTNU forska i 2023 på korleis ein avsendar kan overtale ein mottakar om desinformasjon, ved å skjule det med hjelp av retorikk. Studenten har gjennomført ein retorisk

analyse av et bilete av Josef Stalin under Sovjetunionen. Oppgåva skulle framheve korleis retorikk spelar så mykje på følelsar, i den grad at manipulert informasjon blir truverdig informasjon i sinnet til mottakaren (Håheim & Solberg, 2023).

Forskaren Ian Kershaws reknast som ein av dei fremste ekspertane på Hitler og retorikken han brukte. Kershaws har skrive ein omfattande biografi, kor han forskar på Hitler og livet hans. Boka omhandlar alt frå korleis han kom til makta, kva og korleis Hitler tenkte og korleis han blei ein av dei mektigaste leiarane verda nokon gang har sett (Kershaw, 2010).

Når det kjem til retorikk i norsk politikk, har Noregs fremste retoriske forskar, Jens E. Kjeldsen, blant anna forska på ulike typar retorikk og korleis retorikk er avgjerande for å vinne makta. I samanheng med Stortingsvalet 2025 har Kjeldsen forska på dei fremste retorikarane i norsk politikk. Her undersøkjer han korleis dei ulike og fremste politikarane brukar retorikk og korleis det har ein påverknad på norske veljarar. Kjeldsen nemner også korleis ulike målgrupper tolkar og mottar retorisk bruk (Kjeldsen, 2025).

Forsking.no rettar fokuset mot noko litt anna innanfor retorikken. Dei publiserte nemleg ein artikkel i 2017, kor dei reflekterer og undersøkjer kor grensa mellom hatefull retorikk og alminneleg retorikk går. Forfattar Kjell Lars Berge og resten av teamet frå forsking.no meiner terskelen vår er for lav når det kjem til hatefull retorikk. Professor Anne Birgitta Nilsen meiner den retoriske bruken til Listhaug nemleg er hatefull retorikk, mens Kjell Lars Berge meiner det motsette (Berge, 2017).

I samanheng med Stortingsvalet i Noreg, hausten 2025, er bruken av retorikk viktig. Eg meiner medborgarar i Noreg skal vere klar over korleis retorikk kan få deg til å sjå på ei sak med «tunnelsyn» og korleis retorikken kan overtale deg om noko som strir imot det du eigentleg meiner. Retorikken høyrer ikkje berre heime i ei politisk verd. Han blir brukt overalt; i reklamer, relasjonar, sal, overalt kor du er. Derfor er det ein sjølvfølge at vi må lære oss å granske retorikken grundig, slik at vi tar riktig val for oss sjølv og demokratiet. Ved hjelp av mine analyser skal eg trekke linjer i retorikken frå 1900-talet til i dag. På denne måten, vil forskinga mi trekke linjer blant det mest sentrale i retorikken og korleis du skal unngå at retorikken påverkar deg i for stor grad. Forskinga mi har som hensikt å tilføre eit nytt og kritisk perspektiv til retorikk. Derfor har eg valt å analysere politiske bodskap frå to ulike land og to ulike hundreår. Retorikken er ikkje noko som kjem og går, det er noko som har komme for å bli.

Forskinga mi støttar seg på mykje forsking som allereie er gjort, men eg håper å kunne tydeleggjere nokon viktige poeng. Eg er klar over rolla mi som ein vgs-elev, og derfor har eg støtta meg på tidlegare forsking, men eg håper framleis å kaste lys over nye perspektiv.

1.2 Avgrensing, problemstilling og disposisjon

I denne oppgåva har eg valt å avgrense analysen til to politiske tekstar som representerer svært ulike historiske kontekstar, men som begge er eigna til å undersøke korleis retorikk kan brukast for å legitimere og forme haldningar og samfunnsforståingar: utdrag frå *Mein Kampf* av Adolf Hitler (1925) og Sylvi Listhaugs tale på FrP-landsmøtet (2025). Avgrensinga er gjort for å kunne forske djupare på korleis språklege verkemiddel, appellformer og retoriske grep blir brukt for å overtyde, og korleis dei inngår i politiske diskursar. Målet er ikkje å samanlikne personane Hitler og Listhaug, men å samanlikne retoriske grep som kan ha overtydande kraft. Eg har òg valt desse to tekstane fordi begge har blitt kritisert for å bruke retorikken i grenseland for det som er greitt. Hitler og Listhaug står ikkje for det same politiske bodskapet, men dei har noko til felles når det gjeld å ty til verkemiddel. Derfor har eg valt denne problemstillinga:

> «Korleis blir språklege verkemiddel brukt i politiske taler for å overtyde eler manipulere?»

Eg skal plukke tekstene frå kvarandre og analysere korleis ulike språklege verkemiddel brukast for å forsterke appellformene og korleis appellformene igjen forsterkar det politiske bodskapet. Analysane vil for det meste omhandle retorikk og verkemiddel, men òg noko diskursanalyse for å vise korleis makt spelar ei viktig rolle i samanheng med retorikk.

2. Teori

2.1 Retorikk

Kunsten i å overtale andre ved hjelp av lyd, bilde og språk kan sjåast på som retorikk (Norsksidene.no, u.å.). I tillegg er det å lære seg retorikk ein kunst i seg sjølv (Voie, Innledning om retorikk, 2026). Retorikken brukast i kvardagen mykje meir enn ein trur. I det sekund du forsøker å oppnå eit resultat ved bruk av språk, lyd eller bilde brukar du retorikk (Aag & Christensen, 2019).

Retorikk brukast i mange samanhengar, til dømes når ein skal overtyde foreldra dine om å vere vaken litt seinare enn vanleg, i reklamer og i politiske talar. I retorikkens verd vurderer ein ikkje kor god eller dårleg ei tale er i seg sjølv, men ut ifrå den retoriske situasjonen og kva som passar seg (Aag & Christensen, 2019). Det er derfor det finst mange ulike måtar å anvende retorikk på.

2.2 Retorisk analyse

Å avdekke den retoriske kunsten som blir anvendt i ulike samanhengar, er det vi kallar ein retorisk analyse. I ein retorisk analyse er hovudmålet å avdekke kva avsendaren ønskjer å formidle til mottakaren og korleis det blir gjort, Ein plukkar teksten frå kvarandre for å finne ut av bodskapet (Aag & Christensen, 2019).

2.3 Kairos

Kairos er det vi beskriv som den retoriske situasjonen. For å analysere korleis ei tale er mottakeleg, overtydande eller manipulativ, er det viktig å undersøke kven som snakkar, når det blir sagt, kva som blir sagt, til kven det blir sagt og korleis ein seier det. Desse faktorane spelar ei viktig rolle i samanheng med om appellformene strekk til og om talen passar i den bestemte situasjonen. Med andre ord handlar det om kontekst (Aag & Christensen, 2019).

2.4 Aptum

Sjølv om ein skal tilpasse seg til den bestemte situasjonen, som vi nå har lært er kairos, må ein samstundes ta omsyn til aptum. Aptum omhandlar kva som passar til kairos, altså kva som passar til den bestemte situasjonen. For at ein avsendar skal meistre og engasjere mottakarane, utan å skape negative reaksjonar, må avsendaren snakke og skrive på ein måte som opplevast som passande for mottakarane (Aag & Christensen, 2019).

For å tilpasse kva som passar i den bestemte situasjonen, kan ein tilpasse seg sjølv (Aag & Christensen, 2019). Til dømes kan ein ung avsendar bruke andre ord enn ein eldre person. Dersom ein eldre person tar i bruk det same ordforrådet som ein 20-åring, ville ikkje formidlinga blitt oppfatta som like seriøs. Vidare er det avgjerande å tilpasse orda og tonefall til mottakarane. I dette utvalet er det lurt å tenkje på kjønn, alder, verdiar og politisk ståstad hos mottakarane. I tillegg er

det viktig å tenkje på kva emnet og bodskapet i teksten eigentleg er. Tema i teksten påverkar kva ordforråd og tonefall som er passande (Aag & Christensen, 2019).

Til slutt i aptum, er det viktigaste å tenkje over konteksten. I den forstand kan ein tenkje på kva som skjer i verda samstundes som du held talen din. Enda viktigare, kva som skjer i verda parallelt med emnet i talen. Konteksten vil nemleg påføre ein rekke underbevisste faktorar for korleis mottakarane oppfattar bodskapet. Anten om det er faktorar i konteksten avsendaren tar i bruk i talen, eller om det er eksterne faktorar som vil påverke (Aag & Christensen, 2019). Til dømes kan du sjå for deg at ein nasjonal katastrofe har funne stad i Noreg og ein politikar skal uttale seg om dette. Politikaren vel å ta i bruk kvardagslege ord om den nasjonale katastrofen, eller tar i bruk ironi. Da vil ikkje befolkninga oppfatte politikaren som empatisk eller seriøs.

2.5 Appellformene

Det finst tre retoriske appellformer i retorikken som forsterkar eit bodskap. Dei tre appellformene påverkar ulike kjensler og skaper ulike reaksjonar hos mottakaren (Aag & Christensen, 2019).

2.5.1 Etos

Etos er ein appellform ein tar i bruk for å skape truverdigheit. Det finst ulike formar for etos som ein kan argumentere med. For det første kan du argumentere med personleg etos. Personleg etos er til dømes opplevingar, men også personlege eigenskapar slik som forstandigheit, dyd, autentisitet og innleving. I tillegg til personleg etos, brukast også fagleg etos. Fagleg etos består av forsking og statistikk frå andre forskarar, ekspertar og fagpersonar, som vidare kan brukast for å forsterke truverdet til avsendaren (Aag & Christensen, 2019).

Vidare er det viktig å vite at ein avsendar kan ha ulike nivå av etos avhengig av sak, tid, stad og mottakar (Aag & Christensen, 2019). I tillegg er det tre fasar av etos frå starten til slutten av ein tale, reklame, video etc:

Du er i ein situasjon med innleiande etos dersom mottakaren har kunnskap eller kjennskap om avsendaren før retorikken brukast. Mottakaren kan ha eit svært dårleg eller bra inntrykk av avsendaren før avsendaren formidlar bodskapet, og derfor vil innleiande etos vera ein faktor som spelar inn på overtydingskrafta til avsendaren (Aag & Christensen, 2019). Det du høyrer eller les undervegs i den retoriske teksten, videoen eller biletet vil påverke førsteinntrykket du har av

avsendaren, altså den innleiande etos. Dette kallar vi avleia etos (Aag & Christensen, 2019). Til sist vil avsendaren sitte igjen med det vi kallar for endeleg etos, som er summen av innleiande og avleia etos.

2.5.2 Logos

Den andre appellforma, logos, omhandlar å appellere til sunn fornuft og logikk. I ein retorisk situasjon kor avsendaren tar i bruk logos, vil avsendaren til dømes argumentere ved hjelp av sannsyn og majoritet. Logos-argumentasjonen kan brukast på to måtar:

Eksplisitt logos er ein form for logos når resonnementet til avsendaren er klart og tydeleg. Den sannsynlege eller logiske argumentasjonen blir formidla rett ut, til dømes ved bruk av ordet «derfor». I motsetning til når avsendaren bruker indirekte argumentasjon slik at mottakaren må lese mellom linjene. Sjølv om statistikk brukast for å styrke den avleda etosen, er også bruk av statistikk ein form for implisitt logos, fordi statistikken gjer argumentet meir logisk eller sannsynleg. Implisitt er den vanlegaste forma for logos (Aag & Christensen, 2019).

2.5.3 Patos

Den siste appellforma som brukast i argumenterande resonnement er patos. Patos omhandlar at avsendaren spelar på følelsane til mottakaren, anten ved å sjølv opptre kjenslemessig engasjert, eller ved å skape følelsar rundt sjølve emnet. Desto meir visuelt språket er, desto meir skapar det følelsar. Kva som særleg påverkar vil naturlegvis variere frå situasjon til situasjon, men særleg bruk av setningsrytme, retoriske spørsmål og overdrivingar vil vekkje sterke følelsar (Aag & Christensen, 2019).

2.6 Språklege verkemiddel

Språklege verkemiddel i retorikken blir nytta som eit verktøy for å forsterke effekten av appellformene. Ein brukar språket på ein spesiell måte for å oppnå ein ønska effekt hos mottakaren. I tillegg skal dei språklege verkemidla forsøke å vekkje positive eller negative assosiasjonar, eller gi bodskapa eit større inntrykk hos mottakaren (Lønning, Gjentakelse , 2023).

Ein kontrast handlar om å skape eit sterkare inntrykk og større spenning ved å setje to ting opp mot kvarandre. På denne måten vil kontrastane som blir tatt i bruk, vekkje større reaksjonar enn viss ein formidla det same bodskapet utan å skape desse motsetnadene. Det finst ulike metodar å bruke ein

kontrast på. Til dømes kan ein bruke kontrastord, som er å setje to ord opp mot kvarandre, til dømes «natt» og «dag». Slike kontrastar er direkte. Ein meir indirekte kontrast er når retorikaren skapar ein kontrast på sjølve innhaldsplanet, til dømes mellom personane eller miljøet i teksten (Eftedal & Federl, Kontrast, 2018). Dette ser ikkje alltid heilt likt ut i tekster, men kan til dømes vera korleis Nora og Thorvald Helmer, i Ibsens drama *Et Dukkehjem*, er store motsetningar til kvarandre. Nora har utvikla seg til å bli ei vaksen og uavhengig dame, mens Thorvald har blitt svak og sårbar. Dette formidlast ikkje direkte i stykket, men avslørast gjennom handlingar og replikkar.

Å bruke det språklege verkemiddelet metafor, omhandlar at ein «dekker til» samanlikningsordet, som ein elles brukar i ei samanlikning (Eftedal & M., Sammenligning, metafor og klisjé, 2026). Ein metafor er altså ei samanlikning utan ordet «som». Metaforar hjelper særleg med å få frem personlegheitstrekk og eigenskapar, noko som bidrar til å framstille noko eller nokon på ein bestemt måte (Eftedal, Federl, & Lønning, Metafor, 2023).

Å bruke ei besjeling handlar om at ein tilfører menneskelege eigenskapar til konkrete gjenstandar, til dømes gjenstandar, dyr og naturfenomen. Dette bidrar til å anten skape ein nærare følelse mellom noko menneskeleg og umenneskeleg. Vi seier ofte at «døde ting blir levande». Besjeling bidrar til å vekke sterke følelsar hos oss menneske, fordi vi refererer til noko vi kjenner utruleg godt til, nemleg oss sjølv. Vi kan oppleve bodskapa som viktigare, dersom det blir formidla på ein menneskeleg måte (Eftedal & Federl, Besjeling, 2018). Viss eg til dømes har kjærleikssorg og seier: «Det gjer så vondt», vil ikkje følelsane nå like djupt hos mottakaren som viss eg beskriv kjærleikssorga som: «Hjartet mitt grev seg inn i eit svart hol og er knust i tusen bitar».

Gjentaking er eit språkleg verkemiddel kor ord eller setningar blir gjentatt fleire gonger. Hensikten er å framheve noko viktig fleire gonger, slik at mottakaren sit igjen med eit sterkare inntrykk (Lønning, Gjentakelser, 2023). Eit svært kjent døme på dette er talen «I Have a Dream», der Martin Luther King gjentek nettopp denne formuleringa gjennom tala si. Gjentakinga bidrar til å understreke at det heile er ein draum, som han verkeleg ber på. Mottakaren får ein detaljert innsikt fordi dei stadig blir minna på at han greier ut om draumen. Samstundes får denne gjentakinga fram at det sannsynlegvis er ein draum mange av mottakarane og har.

Innanfor stilistikk brukas anaforar ved at ein gjentek det same ordet eller den same formuleringa i setningar. På denne måten blir bodskapa meir presise fordi ein framhevar ordet eller formuleringa

til setninga fleire gonger. Dette kan minne om gjentakingar, men vi skil mellom gjentakingar og anaforar, ved at anaforar kjem fyst i setningane (Hagemann, 2026).

Retrospektiv teknikk går ut på å sakte men sikkert avsløre informasjon frå fortida. Avdekkinga av informasjonen bidrar til å skape spenning, slik at mottakaren legg meir merke til kva som blir sagt. Den retrospektive teknikken kan formidlast i form av objektive fakta eller subjektive opplevingar, i tillegg til at han kan kombinerast med andre verkemiddel, til dømes metaforar (Larsen, 2025).

Diskursanalyse er ein kvalitativ forskingsmetode som omhandlar tekst i kontekst. Det betyr at ein diskursanalyse undersøker korleis ein tekst er satt saman, men og korleis teksten kommenterer på noko i samtida. Det er altså alltid ein kontekst å ta omsyn til når ein tar i bruk diskursanalyse. I tillegg ser ein i diskursanalysen på korleis teksten representerer verdiar, haldningar eller makttilhøve. Ingen tekst er nøytral, men avslører korleis avsendar stiller seg til saker, hendingar eller menneske. På denne måten, vil ein diskursanalyse avdekke korleis ein tekst kan framstille ei verkelegheitsoppfatning i motsetnad til andre verkelegheitsoppfatningar, og korleis dette er med på å påverke mottakaren, ofte på ein subtil og usynleg måte (Baker & Moe, 2021).

3. Metode

Eg skal i forskinga og analysen min ta i bruk ein kvalitativ metode, fordi metode heng tett saman med forskingsspørsmålet. Hovudmålet med oppgåva er å avdekke korleis verkemiddel i politisk retorikk brukast til å overtyde eller manipulere. Derfor vil eg anvende ein retorisk analysemetode. I ein retorisk analyse er poenget å plukke ein tekst frå kvarandre for å finne ut av kva avsendaren eigentleg ønskjer å formidle til mottakaren. Dessutan kan analysen avdekke korleis politikarar påverkar eller manipulerer mottakarane til å bli overtydt om eit tomt løfte. For å avdekke det verkelege bodskap og tema, er det nødvendig å sjå på samanhengen mellom språklege verkemiddel og appellformer (Abusland & Federl, 2020). Analyseforskinga mi vil hjelpe meg med funn og bodskap som ligg meir skjult i talane for å avdekke kva politikarar ønskjer å formidle, og derfor har eg valt ein kvalitativ metode.

I tillegg til ein klassisk retorisk analysemetode, vil eg og hente inspirasjon frå delar av diskursanalysen med tanke på å lettare avsløre kva for maktstrukturar som ligg til grunn for ein retorisk tekst, og ikkje minst kva for verkelegheitsbilete som kjem til uttrykk gjennom teksten. Diskursanalyse er godt eigna til å få fram korleis fordommar og stereotypiar blir uttrykt, korleis ideologiar eller haldningar styrer måten vi snakkar om og til kvarandre på. Diskurs er nemleg ein form for mønster i måten vi snakkar eller skriv på om ei sak eller ei gruppe menneske. Måten ein snakkar om nokon på, er ofte avslørande med tanke på kva avsendaren eigentleg meiner om dei, sjølv om dei prøver å skjule det eller pakke det inn. Eit døme kan vere når nokon i media omtalar dei mindreårige ofra i Epstein-saka som «yngre kvinner» i staden for å seie «barn», som dei faktisk var. Diskursen avslører *kva* ein seier om noko, *korleis* vi seier det og *kven* som seier det. Desse mønstra «… tvinger fram en versjon av sannhet eller virkelighetsoppfatning på bekostning av andre måter å se verden på» (Baker & Moe, 2021).

3.1. Fordelar og ulemper

Sjølv om metoden eg har valt er passande for undersøkinga mi, er det alltid fordelar og ulemper ved ein metode. Ein av fordelane ved kvalitativ metode generelt er fleksibiliteten rundt denne typen forsking. Ein kvalitativ forskingsmetode av typen retorisk analyse vil på den eine sida gi forskaren ein større fridom til å bevege seg friare i eit elles avgrensa forskingsfelt. For det første er ein forskar ikkje bunde til førehandsbestemte metodar, og kan til dømes tilpasse og endre kva for verkemiddel eg finn i teksten og kva eg sett opp mot appellformane. Med ein slik fri ståstad er det viktig at eg ikkje vel bestemte verkemiddel for å forske meg fram til eit resultat eg ønskjer å få.

Ein annan fordel med forskinga mi er forarbeidet. Eg treng ikkje å gjennomføre eit nøye forarbeid med å forberede nokon spørsmål til informantar, fordi ein analysemetode går ut på å ta i bruk analyseteori som eg kan lese meg opp på undervegs. På denne måten vil eg forhindre å ende opp med eit resultat som ikkje gir meg nokon svar på den valte problemstillinga. Sjølv om eg gjennom forskingsprosessen kan ta eit steg tilbake og lese teori, er det viktig at eg har ei forståing av retorisk analyse for å anvende teorien i mitt forskingsfelt på ein riktig måte.

Med metoden eg har valt å bruke, behøver eg ikkje å få samtykke frå informantane som ein til dømes brukar i djupintervju eller kvantitative metodar.

Korleis eg tolkar tekstane etter å ha analysert dei, kan vera ulikt frå korleis ein annan person ville tolka tekstane. Derfor skal eg støtte meg på fagstoff som til dømes argumenterer for korleis eit spesifikt verkemiddel som oftast brukast for å oppnå ein bestemt påverking og korleis ein vanlegvis tolkar verkemiddel og appellformer brukt i liknande tekstar. Fagstoffet som eg kan anvende til å støtte forskinga mi, vil gjere resultata mine meir truverdige, men også påverke meg i den grad at eg held meg akademisk og nøytral.

På den eine sida kan tolkinga mi gi rom for vidare tolking, refleksjon og tenking hos andre menneske. Dette skapar nye perspektiv, utvikling og debatt i samfunnet. På den andre sida kan også tolkinga mi påverke personar i stor grad, derfor er det viktig at eg opnar opp for andre tolkingar og presiserer at dette er ei tolking og ikkje ein fasit.

Det er viktig at eg forsøker å vera politisk nøytral i forskingsprosessen så langt det lar seg gjere, slik at mine fordommar ikkje påverkar forskinga og resultata. Ein forskar vil alltid starte med eit politisk utgangspunkt, men dette utgangspunktet skal ikkje ligge til grunn i forskinga mi. Derfor kan det vera lurt å undersøke korleis andre forskarar har analysert politiske bodskap og talar, for å skape ein grunnmur for korleis ei slik analyse blir politisk nøytral. Når det er sagt, er det sjølvsagt heilt umogleg å vere hundre prosent nøytral. Poenget som forskar er å heile tida strekkje seg mot idealet om nøytralitet og objektivitet.

3.2. Forskingsetikk

Som eg nemnte tidlegare har alle forskingsmetodar både fordelar og ulemper, og derfor er det nødvendig at eg gjer greie for forskingsetikken som eg må fokusere på gjennom forskinga mi.

3.2.1. Slagside

Slagside kan også omtalast som føredømmande haldningar og omhandlar at ein lener seg litt meir til ei side enn ei anna, og det er noko dei fleste menneske gjer (Tvedt, 2024). Av den grunn må ein finne ut av kva slagside ein har i samband med forskinga. I samanheng med forskinga mi vil tilfellet vere den politiske ståstaden min. Uavhengig av om eg støttar borgarleg eller sosialistisk side, må eg så langt det er mogleg gjennomføre forskinga frå ein politisk nøytral ståstad. Slagsida kan påverke alt

frå metoden eg brukar til resultata eg får (Tvedt, 2024). Derfor må eg i ein forskingsposisjon vere sjølvkritisk.

3.2.2. Prinsippet om gode konsekvensar

Etter at vi har blitt kjent med slagside, må ein vurdere om forskinga kan gjere skade. Eit av dei fire grunnleggande forskingsetiske prinsippa er prinsippet om gode konsekvensar. Dette omhandlar at forskinga mi skal medføre gode konsekvensar. I denne samanheng vil forskinga mi bidra til kritisk tenking fordi analysane mine vil kunne bidra til ei utvida forståing av korleis retorikk fungerer. I tillegg til dette vil forskinga òg bidra til politisk påverknad, fordi all forsking og innlegg om politikk er politisk medverknad og ikkje berre det å bruke stemmeretten, sjølv om det òg er viktig.

3.2.3. Ærlegdom

Ein annan ting som er viktig når eg analyserer er å sitere nøyaktig og riktig. Sitat eg brukar skal ikkje endrast i ordlyden, slik at dei støtter argumentasjonen min. I tillegg må eg òg passe på å ikkje berre velje sitat som støtter hypotesen min, men velje sitat som kan få fram ulike sider ved retorikken for å kunne sjå ulike verknader av retorikken slik at sitata ikkje berre blir valt for å forsterke hypotesen min.

3.2.4. Tilgjengeliggjering av resultata

Eit viktig poeng med resultata frå forskinga mi er at dei skal vera etterprøvbare. Det vil seie at andre skal kunne finne ut av kor eg har henta informasjon og fakta frå, slik at dei veit korleis eg kjem fram til akkurat dei resultata eg fekk**.** Eg kan bidra med å gjere forskinga etterprøvbar ved å vise til kjeldene mine tydeleg og passe på at eg brukar pålitelege kjelder.

3.2.5. Omsyn til skikk

Hovudpoenget med forskinga mi er å bidra til vidareutviklinga av samfunnet og demokratiet. Samtidig er det viktig at forskinga mi har grundig omsyn til skikk. På denne måten bidrar forskinga, saman med tilgjengelegheit, til at forskinga er etterprøvbar. I tillegg til at forskinga mi kan førast vidare for å forske fram enda meir informasjon. Dette inneber at eg har både riktig kjeldetilvising løpande i teksten og i litteraturlista. I tillegg er det avgjerande at eg er kjeldekritisk, slik at forskinga ikkje fører til misvisande informasjon.

3.2.6. Habilitet

Habilitet går ut på å unngå samanblandingar av roller og relasjonar som potensielt gir rimeleg mistanke om interesser som kan skape konfliktar (Nilstun, 2025). Hensikta med forskinga er å representere nøytrale sanningar eller funn og ikkje representere resultat som skal leie lesarane mot ein bestemt politisk agenda. Hensikta mi er å tilføre kunnskap til befolkninga i Noreg slik at eg skapar tryggleik og sikkerheit når befolkninga skal gjere opp ei mening om politikk og deretter stemme. Sjølv om eg har ein politisk ståstad, kjem ikkje dette til hinder fordi målet er å avdekke retorikk og eventuell manipulasjon i politikken uavhengig av kven som er avsendar.

3.2.7. Kvalitet

For å bidra til forsking av høy kvalitet som skaper gode konsekvensar for samfunn og individ krevst det høg fagleg kvalitet og nødvendig kompetanse. På denne måten vil forskingsresultat vere sikrare. I Kapittel 2 gjer eg greie for all nødvendig fagkompetanse som blir tatt i bruk gjennomgåande i oppgåva. For å oppnå kvalitet ved forskinga er det avgjerande å bruke fagleg konkrete og riktige retoriske teoriar, til dømes appellformene og den retoriske situasjonen. Til slutt, må eg òg vise forståing av historisk empati i samtida. Dette betyr at dei politiske bodskapa eg analyserer er skrivne i ulik samtid, og derfor kan politikarane ha hatt ulike oppfatningar av samfunnet.

3.2.8. Kunstig intelligens

Bruken av kunstig intelligens i akademisk skriving og arbeid handlar mykje om forskingsetikk, særleg i samanheng med kjeldekritikk, fagleg kvalitet og prinsippet om gode konsekvensar. Kunstig intelligens kan ha nyttige funksjonar rundt inspirasjon, refleksjon, disposisjon og nynorsk, men kunstig intelligens skal ikkje fungere som ein funksjon for innhenting av empiriske kjelder. Kunstig intelligens kan dermed støtte forskingsprosessen, til dømes ein disposisjon. I nyare tid er kunstig intelligens eit veksande middel og reiser derfor store spørsmål om forskingsetikk, noko som er viktig å ta omsyn til som ein forskar. Derfor står forskaren til ansvar for openheit rundt bruken av kunstig intelligens og bidrar dermed til å bevare akademisk ærlegdom og etterprøvbar forsking.

4. Analyse

Som nemnt tidlegare, skal denne analysen ta utgangspunkt i to politiske talar: Landsmøte Frp (2025) av Sylvi Listhaug og *Mein Kampf* av Adolf Hitler (1925). Det er viktig å tydeleggjere at analysane ikkje samanliknar Adolf Hitler og Sylvi Listhaug, men at samanlikninga tar utgangspunkt i retorikken og verkemidla som dei begge brukar. Formålet er å gjere deg, som er ein del av eit demokrati, bevisst på korleis retorikk gjennom historia alltid brukast for å overtyde, slik at retorikk ikkje utgjer ein trussel mot demokratiet vårt.

4.1. Analyse 1: *Mein Kampf* av Adolf Hitler

Utdraga frå *Mein Kampf* viser noko av den mest ekstreme retoriske bruken mange kjenner til. *Mein Kampf* er ikkje berre ein politisk legitimering og formidling, men også eit retorisk prosjekt som forsøker å skape ei bestemt forståing av verda, der spesielt antisemittisme og vald blir framstilt som naturlege, men også moralsk rette haldningar. Det er nettopp gjennom retorikken at Hitler meistra å legitimere dei politiske og ideologiske tankane han kjempa for. I denne analysen undersøker eg korleis Hitler brukar språklege verkemiddel til å forsterke appellformer, for å vidare overtyde om ei verdsoppfatning som er nødvendig for at nasjonen skal overleve. I tillegg skal eg analysere korleis verkemidla legitimerer vald, hat og undertrykking, eller med andre ord manipulerer?

4.2. Patos

Patos er den gjennomgåande og dominerande appellforma i utdraga frå *Mein Kampf*. Hitler prøver gjentakande å vekke sterke følelsar, særleg frykt, avsky og nasjonalisme gjennom ulike verkemiddel.

Metaforar er eit av dei språklege verkemidla Hitler tar mest i bruk. I fleire av utdraga *frå Mein Kampf* brukar Hitler metaforar for å beskrive jødar. Til dømes skildrar Hitler jødar som «parasittar», «pest» og «gift» (Hitler, 1925) og for å skape ein emosjonell distanse mellom «vi», altså dei Hitler meiner er anstendige å ense som den tyske befolkning og «de», altså jødar som han meiner ikkje fortener ein plass i samfunnet. Distansen skapast fordi ordvala til metaforane er brutale og krenkande, noko som vekker mykje følelsar og skapar eit inntrykk av at jødar er mindre menneskelege, enn da særleg den ariske rase.

Hitler tar òg i bruk metaforar som er henta frå Bibelen for å skape ei dualistisk verd og for å legitimere nazismen. Jødar blir gjentakande framstilt som «Guds plage» (Hitler, 1925) og at raseblanding er ein «synd». Ved å referere til Bibelen legitimerer Hitler det ideologiske synet han har på jødar, fordi han referer til religiøse element som er større enn han sjølv og folket. Det blir altså tatt i bruk ein allusjon, ved å referere til religiøse element.

Sjølv om det er mange politikarar som brukar metaforar og allusjonar, er det ordvala i metaforane og allusjonane til Hitler som gjer retorikken såpass virkningsfull. Gjennomgåande i utdraga finst det døme på ordval som forsterkar verkemidla og patosen ytterlegare: «fedrelandets frihet», «mental degenerasjon» og «synd» (Hitler, 1925). Disse spesifikke ordvala bidrar til å grave djupare i følelsar som bekymring og hat.

4.3. Logos

Sjølv om argumentasjonen i stor grad er prega av patos, forsøker Hitler samstundes å etablere eit grunnlag basert på logos som skal tilføre nazismen ein objektiv fasade. Hitler refererer til naturlege fenomen og naturvitskap. Dette kjem tydeleg fram i fleire av utdraga: Til dømes viser Hitler til «naturens lover», «jernlogikk» og «rasemessig bestand» (Hitler, 1925) når han skriv, noko som tilfører nazismen eit rasjonelt grunnlag. Ved å framstille eigne ideologiske påstandar som naturgitte fakta, skaper han ein retorisk situasjon der motargument framstår som irrasjonelle eller direkte i strid med naturen.

I fleire av sitata koplar Hitler eigne påstandar direkte til ein religiøs autoritet. Når han skriv at han «forsvarer Herrens verk» (Hitler, 1925), eller at det tyske folket må oppfylle «oppdraget som er tildelt det av Skaperen» (Hitler, 1925), presenterer han politikken sin som ein logisk utføring av Guds plan. Dette er ikkje logos i tradisjonell forstand, men ein retorisk strategi der han låner autoritet frå ein religion for å gi argumenta sine eit rasjonelt grunnlag. Ved å framstille eigne handlingar i samsvar med ein høgare vilje, gjer han det vanskelegare å utfordre dei – for kven kan argumentere mot Gud? Sjølv om Hitler legitimerer makta gjennom kristne element, kritiserer han òg kyrkja: «Så ser de på med forbauselse når de innser hvor liten innflytelse den kristne tro har i sitt eget land [..] (Hitler, 1925). Dette framstiller Hitler som enda større og mektigare enn heile religionen og Gud.

Metaforar spelar ei sentral rolle i å gi nazismen eit logisk fundament. Når jødar blir omtala som «pest», «parasittar» eller ei «giftig forureining» (Hitler, 1925), blir det brukt naturvitskapelege ord,

som skaper eit bilete av jødar som ein biologisk trussel skapt av naturens lover og ikkje ein sosial trussel skapt av menneske. På denne måten framstiller Hitler forsøket på utryddelsen av jødar nesten som ein «hygienisk» prosess, akkurat som å nedkjempe sjukdom frå ein kropp.

Samanlikningar blir òg brukt for å gi argumentasjonen eit logisk preg. Jødar samanliknast med «pesten» (Hitler, 1925) og omtalar rasebehandling som ein «uttørking av den livsviktige saften» (Hitler, 1925), noko som skaper eit inntrykk av at utrydding av jødar er heilt essensielt for den framtidige eksistensen til menneska.

Gjentakingar er eit anna verkemiddel som styrkar logossituasjonen. Uttrykk som «Skaperens vilje» og «naturens lover» (Hitler, 1925) går igjen fleire gonger i utdraga. Gjentakingane skaper ein følelse av sanning og kontinuitet, som om argumenta er allmenne sanningar. Når dei same samanlikningane brukast gjennomgåande i teksten, får dei ein autoritativ posisjon, slik at dei framstår som fakta, sjølv om påstandane er ideologiske tankar. Dette handlar om at Hitler framstiller sin desinformasjon på ein overtalande måte, slik at dei framstår som fakta.

4.4. Etos

4.4.1. Innleiande etos

Frå det sekund Hitler trår opp på talarstolen eller formidlar tankesett innanfor ein ideologi, slik som i *Mein Kampf,* har Hitler allereie ein sterk innleiande etos, som betyr at mottakarane har ein tillit til Hitler før han i det heile tatt har sagt kva han meiner. Dette er fordi han under fyste verdskrig deltok i den bayerske hær og ble leder for NSDAP i 1921 (Dypvik, 2025). Den politiske deltakinga og erfaringane gjer at bodskapa framstår truverdige uavhengig av innhaldet.

4.4.2. Avleia etos

I tillegg til innleiande etos, forsøker Hitler å skaffe seg ein avleia etos gjennom heile teksten. Det er den avleia etos ein skal forsøke å forsterke ved hjelp av retoriske og språklege verkemiddel, noko Hitler meistrar. Ved å anvende ei rekke verkemiddel, styrkar Hitler inntrykket av at han er ein autoritær person med grundig innsikt og moralsk rett. Han viser til naturvitskap, historie og religion og skaper ein illusjon om seg sjølv som ein som forstår dei djupe samanhengane i verda. Når han omtalar raseblanding som «fysisk og mental degenerasjon» (Hitler, 1925) eller viser til «Naturens

jernlogikk» (Hitler, 1925), framstiller han seg sjølv med objektive sanningar. Dette gir han ein vitskapleg autoritet, sjølv om påstandane hans ikkje har grunnlag i reell vitskap.

4.4.3. Endeleg etos

Vi kan tydeleg sjå i ettertid at Hitlers endeleg etos vart utruleg mektig. Han blei leiar av Tyskland og førte landet inn i ein av dei blodigaste krigane verda nokon sinne hadde sett. Dette betyr at Hitler gjekk fram og brukte retorikken til å utnytte maktposisjonen han hadde i samfunnet (Dypvik, 2025).

4.5. Kairos

Ein faktor som har bidratt til Hitlers massive eksistens og maktovertaking er korleis han meistra å utnytte samtidas situasjon til sin eigen fordel. For det fyrste var arbeidsløysa høg og landet leid av ei økonomisk krise, som følgje av fyste verdskrig og krigsskadeerstatningane dei ble pålagt i Versaillestraktaten (Heum, Martinsen, Moum, & Teige, 2020). Dette skapte mykje uro og misnøye blant den tyske befolkninga. For det andre sto dei nasjonalistiske følelsane sterkt etter posisjonen til Tyskland under imperialismen og kolonialiseringa (Heum, Martinsen, Moum, & Teige, 2020). Hitler utnytta misnøya i samfunnet og dei nasjonalistiske følelsane til å stille jødane til ansvar for konsekvensane og framstilte seg sjølv som han som skulle redde befolkninga frå katastrofane. Noko han delvis gjorde, fordi han fekk ned arbeidsløysa betrakteleg (Heum, Martinsen, Moum, & Teige, 2020). Som eit resultat av arbeidet han gjorde, fekk han meir tillit blant befolkninga når det gjaldt dei ideologiske tankane.

4.6. Aptum

I tillegg til at bodskapa i *Mein Kampf* er grundig legitimert med hjelp av verkemiddel og appellformer, er også den retoriske situasjonen grundig gjennomtenkt. Dette er ein sentral grunn for korleis Hitler og NSDAP klarte å få godt over 30% av oppslutninga utover 1930-talet . Det er til dømes ordvala i tekstane, korleis han formidlar dei og om ein held seg til kva som er akseptert i samfunnet på det aktuelle tidspunktet (Auen, 2022). I ei tid prega av økonomisk krise og stor frustrasjon, som nemnt tidlegare, tala Hitler til folket ved å gjenspegle frustrasjonen som fanst i befolkninga. Når han snakka til arbeidarar, brukte han eit meir folkeleg og kamporientert språk og når han skreiv *Mein Kampf*, brukte han eit meir ideologisk og vitskapleg språk for å framstå som ein intellektuell leiar. Dette viser korleis han tilpassa stilnivået etter situasjonen.

4.7. Diskurs

Ser ein på *Mein Kampf* gjennom eit diskursanalytisk perspektiv, er det tydeleg at Hitler ikkje berre argumenterer, men aktivt skaper ein bestemt diskurs som formar korleis verda kan forståast. Diskursen han bygger, definerer jødar som ein naturleg og uunngåeleg fiende, og etablerer eit språk der vald, rasehierarki og ekskludering framstår som logiske og moralsk rette handlingar. Gjennom gjentakingar, metaforar og naturvitskapleg språk etablerer Hitler ei ramme der eigne påstandar blir oppfatta som sanningar, ikkje som ideologiske meningar. Diskursanalysen viser dermed korleis språket ikkje berre overtyder, men òg formar kva som blir mogleg å meine og akseptere i samtida. Med andre ord kan vi seie at *Mein Kampf* bidro til å endre sjølve aksepten for kva som vart legitim politikk i Tyskland utover 1930-talet.

4.8. Analyse 2: *Landsmøte 2025 Frp* av Sylvi Listhaug

I talen for Landsmøtet Frp 2025 nyttar Sylvi Listhaug ei rekke retoriske verkemiddel for å styrke bodskapet gjennom appellformene og påverke publikum i større grad. Ho etablerer seg tydeleg i politikken, og nokon vil kanskje seie litt for tydeleg. Talen Sylvi Listhaug heldt på Frps landsmøte i 2025, er eit godt døme på korleis politikare nyttar retoriske verkemiddel for å styrke eit bodskap.

4.9. Etos

4.9.1. Innleia etos

Listhaug har allereie eit relativt sterkt grunnlag for ein innleia etos som følgje av posisjonen ho har hatt i norsk politikk over tid. Gjennom den politiske karrieren har Listhaug hatt fleire sentrale ministerposisjonar, til dømes landbruks- og matminister, innvandrings- og integreringsminister, eldre- og folkehelseminister. I dag er ho partiledar og stortingsrepresentant for Frp (Fremskrittspartiet , u.å.). Slike politiske verv kan bidra til å etablere truverd hos publikum, fordi det signaliserer politisk erfaring, maktposisjon og innsikt i samfunnsstyring. Ein slik institusjonell autoritet kan dermed gi talaren eit utgangspunkt der publikum i større grad oppfattar henne som ein kompetent og legitim aktør.

Samtidig kan Listhaug sin innleia etos vere svekka. I 2018 vart det til dømes fremma eit mistillitsforslag mot Listhaug da ho var justisminister. Listhaug valde å gå av før mistillitsforslaget vart behandla i Stortinget (Fremskrittspartiet , u.å.). Eit mistillitsforslag inneber i utgangspunktet at

Stortinget uttrykkjer manglande tillit til ein statsråd (Holmøyvik & Wyller, 2024). Slike politiske konfliktar kan i nokre samanhengar bidra til å svekke den innleia etosen til ein politikar, fordi det kan skape tvil om truverd, dømmekraft eller politisk ansvarskjensle. Samstundes kan sterke reaksjonar frå andre politikarar styrke etosen hos delar av publikum, og skape eit inntrykk av ein sterk politikar som tør å utfordre samfunnet, i den forstand at ein ønsker samfunnsutvikling.

4.9.2. Avleia etos

I forsøk på å bygge opp ein avleia etos, tar Listhaug i bruk ein rekke middel. For det første brukar Listhaug retrospektiv teknikk for å skape spenning og vise publikum at ho over tid har tatt del i ei samfunnsutvikling: «Som odelsjente kunne eg valt å drive garden vidare» (Listhaug, 2025). I tillegg deler ho personlege erfaringar for å posisjonere seg som ein politikar som faktisk kjenner til landet, folket og verdiane ho snakkar om: «Då eg vaks opp på Sunnmøre såg Noreg og verda annleis ut» (Listhaug, 2025). Dette styrkar etos ved å vise at ho talar frå eigne livserfaringar. Samtidig meistrar Listhaug å styrke etos hos fleire samfunnsgrupper når ho skriv: «[…] kunne eg valt å drive garden vidare» (Listhaug, 2025). Denne retrospektive teknikken framstiller Listhaug som både by- og bygdejente.

4.9.3. Endeleg etos

Den endelege etosen til Sylvi Listhaug etter FrP-landsmøtetalen i 2025 blir forma av korleis publikum oppfatta henne i etterkant av talen, og korleis ho gjennom retorikken sin styrka eller svekka den posisjonen ho allereie hadde i norsk politikk. Som partileiar hadde Listhaug eit etablert innleiande etos, men talen bidrog til å framheve hennar rolle som ein tydeleg og profilert politikar i FrP. Gjennom ein direkte og konfronterande stil, framsto Listhaug for mange som ein leiar som talar og handlar klart. Dette gjorde at ho forsterka tilliten hos dei som allereie identifiserer seg med FrP. Samstundes er endeleg etos alltid avhengig av mottakarane: nokre oppfatta talen som tydeleg og handlekraftig, medan andre kan ha tolka retorikken som polariserande.

4.10. Patos

Listhaug tar i bruk eit klassisk retorisk verkemiddel for å vekke følelsar hos mottakaren, nemleg rim og rytme. Rim og rytme kan særleg bidra til å skape engasjement og ein følelse av harmoni. Eit døme på dette er når Listhaug seier: «systemet behandlar alle som like, sjølv om barn er unike» (Listhaug, 2025). Den rytmiske oppbygginga gjer bodskapet lettare å hugse og etterlet eit sterkt og

minneverdig inntrykk hos mottakaren. Samstundes kan rimet gi talen eit preg av kontroll og tryggleik, noko som òg kan bidra til å styrke inntrykket avsendaren gir som ein sikker talar.

Patos kjem òg særleg til uttrykk gjennom bruken av kontrastar. Når Listhaug seier at «det er ikkje lenger ei sjølvfølge at våre barn får det betre» (Listhaug, 2025), nyttar ho ein før–no-kontrast som skal vise at utviklinga går i feil retning. I tillegg er dette òg en allitterasjon, som er med på å skape rytme slik at bodskapet sett eit sterkare preg hos lesaren. Listhaug brukar og kontrastord for å implisere ulike deler av Noreg: «by» og «bygd» (Listhaug, 2025). Slike kontrastord viser direkte at ho har eit stort fokus på fleire deler av samfunnet og ikkje berre eit.

Ein anna form for kontrastar Listhaug tar i bruk er heilskaplege kontrastar. I motsetnad til kontrastord som skapar ein direkte motsetnad i teksten, skapar ein heilskapleg kontrast ein motsetnad av noko større: «Da jeg vokste opp på Sunnmøre så Norge og verden annerledes ut» (Listhaug, 2025). Listhaug skildrar sin eigen barndom som ei tid prega av tryggleik og forventning til framtida. Når denne framstillinga blir sett opp mot dagens situasjon, oppstår det ein emosjonell kontrast som kan framkalle kjensler av tap og uro hos mottakaren.

Eit anna verkemiddel som bidrar til å forsterke patos, er bruken av besjeling. Når Listhaug seier at «barnehagar strupast» (Listhaug, 2025), blir institusjonen tillagt menneskelege eigenskapar. Verbet «strupast» er sterkt lada og kan vekke assosiasjonar til vald og kveling. Dette skapar eit dramatisk og emosjonelt bilete av situasjonen, og fungerer derfor som eit kraftig patosgrep. Særleg for målgrupper som foreldre og besteforeldre kan slike formuleringar vekke sterke følelsar knytte til omsorg for barn.

Patos blir òg forsterka gjennom gjentaking, nærare bestemt gjennom anaforar. Gjentakinga «det er ikkje lenger …» (Listhaug, 2025) blir repetert fleire gonger i talen. Gjentakinga skaper ein rytme som gradvis bygger opp ein følelse av tap og forfall av velferdstilbod. Samstundes kan gjentakinga gi mottakaren ei oppleving av at mange endringar har skjedd på veldig kort tid. Ved å gjenta denne leddsetninga rettar talaren merksemda mot den overordna kontrasten i talen: at samfunnet og velferdsstaten ikkje lenger er slik dei ein gong var. Gjentakinga fungerer dermed både som eit rytmisk og eit emosjonelt verkemiddel som forsterkar bodskapen og legg ansvaret for nedgangen på den sittande regjeringa.

4.11. Logos

Metaforen «Noreg er over toppen» (Listhaug, 2025) fungerer som ein logisk modell for samfunnsutviklinga: landet har hatt ein gullalder, men er no på veg nedove. Ho impliserer at regjeringa har ansvar for denne nedgangen. Dette blir forsterka når ho brukar logos eksplisitt mot regjeringa: «Alt dette skjer på Arbeidarpartiets vakt» (Listhaug, 2025). Ordvalet «vakt» (Listhaug, 2025) er retorisk effektivt, fordi det impliserer ansvar. Ho konkretiserer argumentasjonen gjennom ei oppramsing av velferdstilbod ho meiner er svekka – barnehage, skule, helsetenester og eldreomsorg – noko som gir inntrykk av brei og alvorleg nedbygging.

4.12. Kairos

Kairos handlar om å gripe det rette tidspunktet, og Listhaug nyttar dette strategisk i talen. Ho talar i ein politisk situasjon prega av debattar om økonomi, tryggleik, innvandring og offentlege tenester, som er tema som vi allereie finn høgt på dagsorden. Ved å knyte bodskapa til aktuelle hendingar og politiske konfliktar, framstår talen som relevant i samtida si. Listhaug viser til prisvekst, press på velferdstenester og uro i Europa, og plasserer FrP som partiet som «ser» problema og vil handle raskt. Dette gjer at bodskapen hennar får større gjennomslag, fordi ho koplar retorikken direkte til dei kjenslene og bekymringane som pregar samtida. Kairos blir dermed ein viktig del av korleis talen er overtydande.

4.13. Aptum

Listhaug utnyttar òg aptum på ein svært god måte. På eit landsmøte, der ho talar til eigne partimedlemmar, brukar ho ein direkte og kampklar stil som samsvarar med forventningane til publikum. Ho brukar korte, slagkraftige setningar, tydelege kontrastar og eit språk som speglar frustrasjonen mange i målgruppa kjenner på. Samstundes held ho ein formell tone slik at ho ikkje framstår for autoritær. Denne balansen mellom folkeleg stil og politisk autoritet gjer at bodskapen hennar framstår som både truverdig og passande for situasjonen. Aptum blir dermed ein nøkkelfaktor i korleis talen hennar oppnår retorisk effekt.

4.14. Diskurs

Gjennom ein diskursanalytisk ståstad kan ein sjå at Listhaug ikkje berre argumenterer, men bidreg til å forme ein politisk diskurs om ansvar, tryggleik og samfunnsforfall. Når ho seier at «Noreg er over toppen» (Listhaug, 2025) og at utviklinga skjer «på Arbeidarpartiets vakt» (Listhaug, 2025), plasserer ho regjeringa i ein diskurs der dei blir framstilte som uansvarlege og som ein «syndebukk». Samstundes etablerer ho ein kontrast der FrP framstår som partiet som ser realitetane og vil handle. Slik skaper ho eit omfattande bilete som ikkje berre overtyder i augneblinken, men som formar korleis publikum kan forstå og snakke om norsk politikk i etterkant.

5. Drøfting

5.1. Oppsummering

Etter ein lang og omfattande retorisk analyse av både *Landsmøte (2025)* og *Mein Kampf (1925),* er det framleis ikkje mogleg å fastslå eintydig kor grensa mellom retorikk og manipulasjon går. Dette kjem av at både retorikk og manipulasjon har som mål å overtyde mottakaren, men skiljet ligg i korleis verkemidla brukast, og kva grunnlag dei byggjer på. Dersom verkemidla er forankra i fakta og eit sakleg formål, går det under retorikk. Dersom dei derimot byggjer på usaklege premiss, skjulte intonasjonar og usaklege fakta, kategoriserast det som manipulasjon. Analysane viser at dette skiljet ikkje alltid er tydeleg, og at vurderinga ofte avheng av kven som tolkar dei retoriske talane.

5.2. Subjektive resultat

Eit sentralt moment i møte med problemstillinga; om tekstane nyttar retorikk eller manipulasjon, er at ein retorisk analysen vil gi subjektive resultat. Derfor er det viktig å stille seg kritisk til i ein type forsking med retorisk analyse. Sjølv om analysane tek utgangspunkt i teori, vil vurderinga av verknadane vera subjektive, og dette kan ein seie er ei mogleg feilkjelde i denne samanhengen. Ein retorisk analyse er ikkje mogleg å gjennomføre berre på grunnlag av teori. Vidare er det derfor viktig å vera kritisk til tolkingane i analysekapittelet, slik at ein ikkje vurderer dette som eit reint teoretisk grunnlag. Trass i dette er analysen gjennomført frå ein politisk nøytralt ståstad og tar utgangspunkt i verkemidla og den retoriske situasjonen i tekstane og ikkje berre avsendaren. Sjølv om avsendaren

blir vurdert og analysert under punktet etos i analysen, er dette for å klargjere korleis etos kan påverke korleis ein mottakar oppfattar bodskapet.

5.3. Subjektive tolkingar

Ein anna feilkjelde, og dermed ei viktig vurdering ein må ta, anten ein les eller bygger vidare på denne forskinga, er at analysar av verkemiddel og den retoriske situasjonen, vil vere ulik frå person til person. På den eine sida betyr dette at resultata ikkje er ein fasit, fordi du kan oppfatte noko anna når du les desse tekstane. På den andre sida, betyr det ikkje at resultata har som agenda å vere villeiande. Poenget er at dei subjektive tolkingane kan resultere i ein konklusjon om at dei politiske talane inneheld meir eller mindre manipulasjon, samanlikna med resultantane frå ein anna forskar.

Sjølv om analysen er subjektiv, forskar eg frå eit politisk nøytralt ståstad. Folk tolkar tekstar og mottar språklege verkemiddel ulikt, men ut ifrå teorien i kapittel 2, kan ein nærme seg kva agendaen med verkemidla har vore. I tillegg til å sjå på den retoriske situasjonen, er det enklare å forstå formålet med bodskapa.

5.4. Vidare forsking

Dersom eg skulle utvida dette arbeidet eller forska vidare på temaet, ville det vore naturleg å undersøkje problemstillinga i eit breiare materiale. Denne oppgåva samanliknar to svært ulike tekstar, derfor kunne vidare forsking inkludert fleire politiske talar frå ulike politiske parti. Ein anna forsking og analyse kunne inkludert politiske talar frå ulike historiske periodar. Vidare kunne ein da samanlikna om mønstra i bruken av verkemiddel endrar seg i tråd med samfunnet. Det kunne òg vore interessant å gjennomføre ein meir empirisk studie der ein undersøker korleis faktiske mottakarar oppfattar dei same verkemidla. Slik kunne ein samanlikne forskaren si tolking med korleis publikum opplever bodskapen, og dermed få eit betre grunnlag for å vurdere om verkemidla verkar retoriske eller manipulerande i praksis. Ei slik utviding ville gjort det mogleg å nærme seg problemstillinga frå fleire perspektiv og dermed gi eit meir nyansert bilete av kor grensa mellom retorikk og manipulasjon går.

6. Konklusjon

Det forskinga mi har funne svar på er korleis verkemiddel blir brukt for å overtyde i politiske talar. Ut ifrå analysen kan ein sjå at spesifikke val rundt ord og verkemiddel er viktig for at dei skal passe inn i den retoriske situasjonen. Viss ordval og verkemiddel ikkje er tilpassa den retoriske situasjonen, vil dei ikkje fungere like godt som dei i teorien kan. På den andre sida har analysen også vist at nokon ordval og verkemiddel gir eit usakleg, undertrykkande og overdrive inntrykk, noko som ikkje høyrer heime i politikken. For å oppsummera, har forskinga mi vist til at resultata av forskinga rundt problemstillinga er todelt: Det er deler av dei retoriske talane som inneheld rein bruk av retorikk, samstundes har eg avdekka at også er deler av talane som inneheld bruk av manipulasjon. Til dømes metaforane til Adolf Hitler om jødane: «parasitter», «pest» og «gift».

Kjelder

Aag, A., & Christensen, J. (2019). *RETORIKK og muntlig kommunikasjon*. Hentet fra KublaKan: https://kublakan.no/wp-content/uploads/2020/05/videoteket-studiehefte-retorikk-og-muntlige-presentasjoner.pdf

Abusland, Å., & Federl, M. (2020, 02 25). *Retorisk analyse av en politisk appell*. Henta frå NDLA : https://ndla.no/nb/r/norsk-sf-vg1/retorisk-analyse-av-en-politisk-appell/86cf8e7a05

Auen, J. (2022, 03 07). *Hitlers vei til makten*. Henta frå NDLa : https://ndla.no/nb/r/historie-pb/hitlers-vei-til-makten/f7c9fc2eb8

Baker, C., & Moe, M. (2021, 11 30). *Hva er en diskurs?* Henta frå NDLA: https://ndla.no/nb/r/medie--og-informasjonskunnskap-2/tekstanalyse---metoder-og-modeller/3f0a50af5a/19100

Berge, K. (2017, 09 14). *Debattinnlegg: Å beskylde Sylvi Listhaug for «hatretorikk» utvanner begrepet*. Henta frå forskning.no: https://www.forskning.no/sprak-politikk-debattinnlegg/debattinnlegg-a-beskylde-sylvi-listhaug-for-hatretorikk-utvanner-begrepet/1162472?utm_source=copilot.com

Dypvik, A. (2025, 05 05). *Adolf Hitler*. Henta frå Store Norske Leksikon : https://snl.no/Adolf_Hitler

Eftedal, C., & Federl, M. (2018, 04 10). *Besjeling*. Henta frå NDLA: https://ndla.no/nb/r/norsk-yf/besjeling/983f1d90bd

Eftedal, C., & Federl, M. (2018, 12 12). *Kontrast*. Henta frå NDLA: https://ndla.no/nb/r/norsk-sf-vg2/kontrast/ce6b78b790

Eftedal, C., & M., F. (2026, 02 04). *Sammenligning, metafor og klisjé*. Henta frå NDLA: https://ndla.no/nb/r/norsk-sf-vg1/sammenligning-metafor-og-klisje/f2cd6710f6

Eftedal, C., Federl, M., & Lønning, E. (2023, 11 23). *Metafor*. Henta frå NDLA: https://ndla.no/nn/r/norsk-kort-butid-yf/metafor/4571beb4ab

Falnes, J., Ismail, K., Saanum, O., & Stoksvik, M. (2025, 10 20). *Støre: – Vi beklager at den situasjonen oppsto*. Henta frå tv2.no: https://www.tv2.no/nyheter/innenriks/store-vi-beklager-at-den-situasjonen-oppsto/18209923/

Fremskrittspartiet . (u.å.). *Sylvi Listhuag* . Henta frå Fremskrittspartiet : https://www.frp.no/vare-folk/sylvi-listhaug

Hagemann, K. (2026, 02 26). *anafor* . Henta frå Store Norske Leksikon : https://snl.no/anafor

Heum, T., Martinsen, K., Moum, T., & Teige, O. (2020). *Alle Tiders Historie.* Oslo: Cappelen Damm.

Hitler, A. (1925). *Mein Kampf* . München: Franz Eher Nachfolger .

Holmøyvik, E., & Wyller, T. (2024, 11 25). *mistillitsforslag*. Henta frå Store Norske Leksikon : https://snl.no/mistillitsforslag

Håheim, M., & Solberg, R. (2023). *Bruken av retorikk i desinformasjon*. Henta frå Nasjonalt vitenarkiv: https://nva.sikt.no/registration/0198e9198fdb-2c4b5019-71fc-4c04-9c4a-8dfcbdd0aa9e

Kershaw, I. (2010). *Hitler overmot og nederlag: en biografi.* Oslo : Forlaget Historie & Kultur . Henta frå akademia .

Kjeldsen, J. (2025). *Retorikken som vinner valgdebatter*. Henta frå Kristiania : https://www.kristiania.no/forskning/forskningsgrupper/polcom/Valganalyse/valganalyse-2025/retorikken-som-vinner-valgdebatter/?utm_source=copilot.com

Larsen, S. (2025, 02 22). *retropsektiv teknikk* . Henta frå Store Norske Leksikon : https://snl.no/retrospektiv_teknikk

Listhaug, S. (2025, 06 02). *Sylvi Listhaug tale | FrPs landsmøte 2025*. Henta frå Fremskrittspartiet : https://www.youtube.com/watch?v=W2XTFJHitVQ

Lønning, E. (2023, 10 19). *Gjentakelse* . Henta frå NDLA: https://ndla.no/nb/r/norsk-kort-botid-sf-vg1/gjentakelse/a9328b48bc

Nilstun, C. (2025, 02 24). *habilitet* . Henta frå Store Norske Leksikon : https://snl.no/habilitet

Norsksidene.no. (u.å.). *Retorikk*. Henta frå Norsksidene : https://norsksidene.no/web/PageND.aspx?id=100115

Svendsen, L. G. (2025, 10 31). *retorikk*. Henta frå snl.no: https://snl.no/retorikk

Tvedt, O. (2024, 02 23). *Forskningsetikk: Bias*. Henta frå Holbergprisen : https://holbergprisen.no/holbergprisen-i-skolen/elev-ressurs/forskningsetikk-bias/

Voie, E. (2026, 02 05). *Innledning om retorikk*. Henta frå NDLA: https://ndla.no/nb/r/norsk-sf-vg1/innledning-om-retorikk/d19f232f6f